



FOTO MAGNE FLEM

Vi løftar blikket og tek ein titt utover storhavet

FLEMSØY/SKULØY

Tiårbildet i dag er ein variant av det vi såg i går. Men denne gongen har fotografen tassa seg lenger opp i terrenget. Med eit nydeleg utsyn som resultat.

Legg ein til havs herifrå vert vel Shetland og Færøyane neste landkjenning. I slike opne landskap kan vi trivast. Her rår vidsynet.

Knut-garden i front. Nede til venstre ser vil Haugen, der mellom andre stortingsmannen Ole Flem åtta frå.

Han representerte Venstre – også det ein tradisjon når vi har med Sunnmørsposten sine Flem-ar å gjere.

Vi kan sjå konturane av Peder Flem nede i vegkrysset. Kan hende gjekk Magne han i møte?

Midt i motivet utover mot

høgre ser vi Ullaholmane. Det er framleis mange år til vegen og bruha skal slange seg over og knyte dei to nordøyane saman.

Ullahammaren med alle husa ser vi opp til venstre. Den høgste delen av fjellet på Haramsøya er «Nova».

Ulla-fyret ligg på Kvernholmen mest midt i horisonten på denne solrike eksponeringa frå 1938.

På denne tida gjekk vegen over Flemsøy/Skuløy (der er skråstreken att) gjennom mest alle tun på øya. Det er den vi ser som lysast i løden nedover mot venstre på tiårbildet.

Ein gong på femtitalet vart han lagt lenger ned mot sjøen i rakare og meir moderne line.

På det vesle bildet får vi helse på tre av dei som budde i Knut-garden 1938: Mor Johanne, far



FOTO MAGNE FLEM

Peder og dotter Anna Flem. Anna sin bror Olav var truleg ein annan stad denne dagen. Det blei han som kom til å drive gar-

den frå 1944 og framover. I dag er det Linda og Per Olav Vedeld som bur her – ikkje Johanne og Elias Rogne som vi skreiv i går.